



GOL KOMMUNE

Arkivsaksnr.: 2021/2130-42  
Saksbehandler: Sander Lilleslett

## Forslag til løysing av motsegn til kommuneplanen sin arealdel for Gol

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet og Kommuneplanutvalet	

### Kommunedirektøren si innstilling

I

Følgande innspel blir teke ut av kommuneplanen og omgjort til LNF-område i kommuneplanen:

- 4.3 Kamben, 10/316
- 4.11 Guriset, 13/265 næring
- 4.12 Guriset, 13/15
- 4.17 Oset/Tisleia, 13/265
- 5.4 Auenhauglie, 25/33
- 5.8 Golsfjell Fjellstue, A1, 37/9
- 5.9 Lauvsjø, 31/62, 38/3, 31/8
- 5.13, Lauvset ved Sagabråten seter, 33/12
- 7.2 Vernefoss, 17/20 og 17/238

II

Følgande innspel blir redusert:

- 3.5 Tretteskogane, 25/50
- 4.1 Einarset, 24/9
- 4.6 Ørterstølen, 4/7
- 4.7 Bualie, 13/20 vest
- 4.9 Bualie, 13/21
- 4.13 Guriset, 13/265 fritid
- 5.14 Fuglehaugen

III

Resterande innspel blir liggande inne i kommuneplanen.

IV

Administrasjonen ber Formannskapet om å ta ein vurdering på om følgande eksisterande, uregulerte og ubebygde utbyggingsområde skal takast ut av kommuneplan og tilbakeførast til LNF-område:

- Kombinert føremål ved Jønnbustølen gbnr. 11/15, 9/322 m.fl - om lag 75 dekar dyrka og dyrkbar jord – regulering pågår.
- Kombinert føremål gbnr 11/8 – om lag 29 dekar dyrkbar jord
- Kombinert føremål gbnr 11/1 – om lag 70 dekar dyrkbar jord og skog
- Kombinert føremål, gbnr 13/265 ved Nedre Guriset (BK4 eller K4) – om lag 260 dekar med om lag 50 dekar myr/dyrkbar jord samt skog

## Saksdokument

Vedlegg:

- 1 Motsegn og faglig råd til høyring av kommuneplanens arealdel
- 2 Gol kommune - kommuneplanens arealdel - høringsuttalelse.pdf
- 3 Merknad til revisjon kommuneplanens arealdel 2021-2033
- 4 Fråsegn til offentlig ettersyn av revisjon av kommuneplanens sin arealdel
- 5 Innspel til revisjon kommuneplanens arealdel
- 6 Uttale til revisjon av kommuneplanens arealdel - Gol kommune
- 7 Uttalelse til høring - Gol - kommuneplan sin arealdelen
- 8 Uttale til Revisjon av kommuneplanen sin arealdel
- 9 Vurdering av motsegn KU
- 10 E-post - Tilbakemelding på varsel om mogleg endring av forslag til kommuneplanen sin arealdel for Gol, område Kamben
- 11 Varsel om mogleg endring av forslag til kommuneplanen sin arealdel for Gol, område Kamben

Ta kontakt med Utbyggingsavdelinga dersom det er spørsmål til saka eller behov for innsyn i fleire dokument.

## Saksopplysningar

Kommuneplanen sin arealdel for Gol 2021 – 2033 vart 1. gongs behandla av Formannskapet den 15. april 2021 som sak 22/21. Det vart gjort vedtak om å legge planforslaget ut til offentlig ettersyn med nokre endringar samanlikna med administrasjonen si innstilling. Planforslaget låg ute til offentlig ettersyn i perioden 1. mai til 14. juni 2021. Frå offentlege instansar kom det inn innspel og merknader frå Bane NOR, Statsforvaltaren i Innlandet, NVE, Gol ungdomsråd, Statens vegvesen og Direktoratet for mineralforvaltning.

Viken fylkeskommune og Statsforvaltaren i Oslo og Viken har fremja motsegn til kommuneplanen. Gol kommune kan difor ikkje sluttbehandle kommuneplan før motsegn er løyst.

Etter at fristen for innspel og merknader gjekk ut, har administrasjonen gått nøye gjennom motsegna, og har mellom anna vore i dialogmøter med Statsforvaltaren den 20. og 29. oktober 2021. Vi har framleis ikkje løyst noko, men vi har fått ei betre forståing av kva motsegna til Statsforvaltaren går ut på.

Administrasjonen har ikkje vore i dialog med Fylkeskommunen, men vi trur at motsegna deira skal vere litt «letteare» å løyse. I tillegg er det ein viss samanheng mellom motsegna til Statsforvaltaren og Fylkeskommunen. Kort oppsummert har Statsforvaltaren motsegn til ROS-analysen, konsekvensutgreiinga og fleire av dei nye utbyggingsområda. Fylkeskommunen har motsegn til enkelte av dei nye områda. Motsegna blir gjennomgått og vurdert under «Vurdering».

Administrasjonen sine tilrådingar er utarbeidd i samarbeid mellom Utbyggingsavdelinga og Landbruk og miljø.

## Overordna plan

Kommuneplan er under revisjon. Den nye kommuneplanen vil bygge på den eksisterande kommuneplanen, og dei eksisterande utbyggingsområda dannar utgangspunkt for kor vi ønsker å tillate nye utbyggingsområde.

## Økonomiske konsekvensar

Ikkje relevant.

## Miljøkonsekvensar

Både Statsforvaltaren og Fylkeskommunen har påpeika at myr ikkje er godt nok utgreidd og teke omsyn til i planforslaget. Dette meiner vi i administrasjonen til dels er feil, men vi er samd i at det ikkje har kome godt nok fram. Det er difor vanskeleg å sjå at vi i stor grad har teke omsyn til myr, sjølv om vi har gjort det. Dette skal vi syne betre i eit oppdatert planforslag. Likevel ser vi at det er enkelte myrparti vi ikkje har fått med oss i 1. gongsbehandling, som vi tek med no.

Fylkeskommunen har krevd at konsekvensar for vassmiljø blir betre greidd ut. Vannforskriften § 12 seier at ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst kan berre gjennomførast dersom ny berekraftig aktivitet medfører forringelse i miljøtilstanden i ein vassførekomst frå særleg god til god tilstand. I tillegg må samfunnsnyttan av dei nye inngrepa vere større enn tapet av miljøkvalitet. Det er tvilsamt om hyttebygging er ein berekraftig aktivitet eller om samfunnsnyttan av hyttebygging er større enn tapet av miljøkvalitet. Dersom ein kjem fram til at hyttebygging ikkje er berekraftig, eller at samfunnsnyttan av hyttebygging ikkje er større enn tap av miljøkvalitet, betyr dette at ein ikkje har lov til å redusere vasskvaliteten på elver og bekkar som følge av hyttebygging. Administrasjonen skal gjere eit anslag over antal hytter i dei forskjellige områda, og oversende dei til KAV Hallingdal – Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning. Dei vil gi ein indikasjon på om enkelte elvar eller bekkar ikkje toler meir utbygging, eller om omfang av utbygging må reduserast. Dette har vi enno ikkje fått oversendt til KAV. Innspel i denne saken er difor ikkje vurdert med omsyn til vassmiljø.

Dokumentet «Vurdering av motsegn KU» tek føre seg mellom anna oppsummering frå miljøvernrådgivar etter synfaring. Merk at dette er eit arbeidsdokument.

## Vurdering


Under er motsegna til Fylkeskommunen og Statsforvaltaren. Fylkeskommunen sine motsegn blir vurdert fyrst, og deretter blir tilrådinga deira vurdert. Det er det same med Statsforvaltaren: fyrst blir motsegna vurdert, deretter tilrådingane deira. I vurderinga er dei svarte kulepunkta motsegna, og strekpunkta er administrasjonen sin vurdering av motsegna. Kart av området er under teksten.

Kartet som er brukt er kartet etter 1. gongsbehandling. Det er også lagt på eit kart som viser myr, dyrka mark og dyrkbar mark. Myr er blå skravur, dyrka mark er gul farge og dyrkbar mark er raud skravur. Raud avgrensing er området sin storleik etter 1. gongsbehandling. Grøn farge er delen av området som administrasjonen tilrår å fjerne.


### Vurdering av Fylkeskommunen sine motsegn:

*Nye utbyggingsområde:*


- 4.6 Ørterstølen, 4/7 av hensyn til landskap, friluftsliv og myr
  - Redusere området til å ikkje gjelde myr.
  - Vise til at det ikkje vart observert spesiell natur under synfaring.




- 4.13 Guriset, 13/265 fritid av hensyn til landskap, friluftsliv
  - Redusere området i sør så det blir likt med eksisterende bebyggelse.




- 5.9 Lauvsjø, 31/62, 38/3, 31/8, som tar i bruk nytt og ubebyggt område og utfordrer hensyn til landskap og friluftsliv
  - Fjerne området frå kommuneplan grunna jomfrueleg areal, landskap, viltkorridor og stort dyrkbart område.




- 4.3 Kamben, 10/316 av hensyn til grønstruktur og jordvern
  - Fjerne området frå kommuneplan grunna omsyn til dyrkbar mark inntil dyrka mark, beite og kulturlandskap.




- 4.9 Bualie, 13/21 av hensyn til grønnstruktur, friluftsliv og jordvern
  - Redusere området til å ikkje gjelde dyrkbar mark (som administrasjonen sin innstilling ved 1. gongs behandling). Det vil sei å fjerne det grøne området i nord og behalde det raude området i sør.



- 4.11 Guriset, 13/265 næring (venstre) og 4.12 Guriset, 13/15 (høgre) av hensyn til landskap, grønnstruktur og jordvern, foruten areal allerede avsatt til fritidsbebyggelse
  - Ta område 4.11 ut av kommuneplan grunna jordvern, landskap og grønnstruktur.
  - 4.12 er meir vanskeleg å vurdere, men administrasjonen tilrår å ta området ut av kommuneplanen grunna jordvern og landskap. Utbygging kan forringe stølslandskapet. Utbygging kan skape konflikt med landbruk. Området er ramma inn av hytter og veg. Difor vanskelegare å vurdere enn 4.11, då området ikkje ligg direkte inntil dyrka mark.
  - Det er eit viktig poeng at Guriset har eit uregulert næringsareal rett ved sida av. Dette burde ein utvikla før ein la ut nye areal. Dette handlar ikkje om at «ein ikkje skal straffast fordi naboen ikkje har utvikla området sitt». Det handlar om at Guriset har 50 daa med næringsareal som dei burde utvikle før dei får nytt areal. Eksisterande næringsareal er heller ikkje dyrkbar. Hadde det eksisterande næringsarealet vore utbygd, hadde det vore lettare å vurdere konsekvensane av full utbygging i området.
  - Administrasjonen har vore i telefonsamtale med leiar i stølslaget. Han meiner at området bør inn i kommuneplanen då det er konfliktskapande å skulle dyrke på dyrkbar mark i område nær fritidsbusetnad. Denne argumentasjonen kan ein snu på og sei at det er konfliktskapande å bygge fritidsbustader i landbruksområde.




- 5.14 Fuglehaugen, forslaget rører ved myrområde som ikkje er sikra ivareteke.
  - Ta ut myrpartia, eventuelt setje krav om at myr ikkje kan byggast på i føresegnene.




*Tilråding frå fylkeskommunen:*

Fylkeskommunen tilrår at kommunen tek ut følgande utbyggingsområde. Fylkeskommunen har ikkje motsegn til desse områda:


- 4.1 Einarset, 24/9 av hensyn til landskap, friluftsliv og myr
  - Redusere området til å ikkje gjelde myr. (fjerne det grønne området, behalde det raude).




- 4.7 Bualie, 13/20 vest av hensyn til landskap, friluftsliv
  - Redusere området til å ikkje gjelde naturbeitemark (ta ut grønt, behalde raudt).
  - Vise til at myr er unngått.
  - Vise til lang avstand til dyrka mark og at området ikkje er realistisk å dyrke.



- 4.17 Oset/Tisleia, 13/265 av hensyn til landskap, friluftsliv og myr
  - Ta ut området grunna jordvern, landskap og friluftsliv.



- 5.8 Golsfjell Fjellstue, A1, 37/9 av hensyn til landskap, grønstruktur og jordvern
  - Ta området ut av kommuneplan grunna dyrkbar mark nær dyrka mark.



## Vurdering av Statsforvaltaren sine motsegn:

Statsforvaltaren har motsegn til fleire punkt enn Fylkeskommunen, og ikkje alle motsegnspunkta går på spesifikke område. Dei spesifikke områda som Statsforvaltaren har motsegn til blir vurdert etter vurdering av ROS-analysen og konsekvensutgreiinga.

### *ROS-analysen:*

Ikkje tilstrekkeleg utgreidd risiko og sårbarhet for dei nye utbyggingsområda.

### *Administrasjonen sitt forslag til løysing:*

Administrasjonen er i dialog med Statsforvaltaren om ROS-analysen. Det må gjerast vurderingar av kvart enkelt område i større grad, og vise sannsyn for hendingar der det er mogleg.

### *Konsekvensutgreiinga:*

Manglande vektlegging av omsyn til myr og manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald, dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap og beiteressursar.

### *Administrasjonen sitt forslag til løysing:*

I stor grad kan dette løysast med betre skildringar av kva som er gjort og vurdert. Kommunen har for eksempel fjerna eller redusert mange utbyggingsområde grunna myr, men dette har ikkje kome godt nok fram i plandokumenta.


Det er gjennomført synfaring med tanke på naturmangfald for dei fleste områda, og dei har vorte vurdert etter naturtypekartlegginga som vart gjennomført på Golsjfellet i 2020.

For kulturlandskap og beiteressursar handlar det i større grad om å synleggjere konsekvensen dei har.

### *Nye utbyggingsområde:*


Statsforvaltaren har motsegn til følgande nye utbyggingsområde. Kulepunkt er Statsforvaltaren sine motsegn. Strekpunkt under kulepunkt er administrasjonen sitt forslag til løysing av motsegn:

- **Innspel 3.5 Tretteskogane – med omsyn til naturmangfald**
  - La området ligge inne i kommuneplan.
  - Redusere området ved å etablere buffersone på 200 meter rundt tjernet der horndykkar er observert (ta ut grønt område, la raudt ligge inne).
  - Skildre at området er redusert til å ikkje omfatte myr.






- Innspel 3.6 Bjørkum - *med omsyn til naturmangfald*
  - La området ligge inne i kommuneplan.
  - Skildre at området er redusert til å ikkje omfatte myr.




- Innspel 3.8 Johannesdalen - *med omsyn til naturmangfald* (øverste område av dei to områda under)
  - La området ligge inne i kommuneplan.
  - Vise til at synfaring ikkje spesiell natur.




- Innspel 3.9 Tubbehaugen camping – *med omsyn til landbruk og naturmangfald* (det nedste området av dei to over)
  - La området ligge inne i kommuneplan.
  - Gi føresegner om at dyrka mark skal tilbakeførast dersom campingdrift blir lagt ned. Vise til at det ikkje er ein nyetablering.
  - Vise til at det ikkje vart observert spesiell natur under synfaring.


- Innspel 3.10 Røyseskogen – *med omsyn til naturmangfald*
  - La området ligge inne i kommuneplan.
  - Vise til at det ikkje vart observert spesiell natur under synfaring.




- Innspel 4.1 Einarset - *med omsyn til landbruk og naturmangfald*
  - Redusere området til å ikkje gjelde myr.




- Innspel 4.2 Kamben - *med omsyn til naturmangfald*
  - La området ligge inne i kommuneplan.
  - Vise til at det ikkje vart observert spesiell natur under synfaring.




- Innspel 4.3 Kamben - *med omsyn til landbruk og naturmangfald*
  - Fjerne området frå kommuneplan grunna omsyn til dyrkbar mark inntil dyrka mark, beite og kulturlandskap.




- Innspel 4.4 Kamben - *med omsyn til landbruk og naturmangfald*
  - La området ligge inne i kommuneplan.
  - Vise til at området er ein naturleg utviding av eksisterande hyttefelt.



- Innspel 4.5 Ørterstølen, H6 - *med omsyn til naturmangfald*
  - La området ligge inne i kommuneplan.
  - Vise til at det ikkje vart observert spesiell natur under synfaring.




- Innspel 4.6 Ørterstølen - *med omsyn naturmangfald*
  - Redusere området til å ikkje gjelde myr.
  - Vise til at det ikkje vart observert spesiell natur under synfaring.




til


- Innspel 4.7 Bualie vest - med omsyn til landbruk og naturmangfald
  - Redusere området til å ikkje gjelde naturbeitemark.
  - Vise til at myr er unngått.
  - Vise til lang avstand til dyrka mark og at området ikkje er realistisk å dyrke.




- Innspel 4.8 Bualie sør - med omsyn til landbruk og naturmangfald
  - La området ligge inne i kommuneplan.
  - Vise til at området er særst godt eigna for fritidsbusetnad.
  - Vise til at området ikkje har spesiell natur.




- Innspel 4.9 Bualie - med omsyn til landbruk og naturmangfald
  - Redusere området til å ikkje gjelde dyrkbar mark (som administrasjonen sin innstilling ved 1. gongs behandling).



- Innspel 4.10 Bualie nord - med omsyn til landbruk og naturmangfald
  - La området ligge inne som ved offentlig ettersyn.
  - Vise til at dyrka mark og dyrkbar mark er unngått.
  - Vise til at myr er unngått.
  - Vise til dårleg tilstand på boreal hei.




- Innspel 4.11 Guriset (under til venstre) - med omsyn til landbruk
  - Ta området ut av kommuneplan grunna jordvern, landskap og grønstruktur.
  - Administrasjonen har vore i telefonsamtale med leiar i stølslaget. Han meiner at området bør inn i kommuneplanen då det er konfliktskapande å skulle dyrke på dyrkbar mark i område nær fritidsbustad. Denne argumentasjonen kan ein snu på og sei at det er konfliktskapande å bygge fritidsbustader i landbruksområde.




- Innspel 4.12 Guriset (over til høgre) - med omsyn til landbruk
  - Vanskeleg å vurdere, men administrasjonen tilrår å ta området ut av kommuneplanen grunna jordvern og landskap. Utbygging kan forringe stølslandskapet. Utbygging kan skape konflikt med landbruk. Området er ramma inn av hytter og veg. Difor vanskelegare å vurdere enn 4.11, då området ikkje ligg direkte inntil dyrka mark.
  - Det er eit viktig poeng at Guriset har eit uregulert næringsareal rett ved sida av. Dette burde ein utvikla før ein la ut nye areal. Dette handlar ikkje om at «ein ikkje skal straffast fordi naboen ikkje har utvikla området sitt». Det handlar om at Guriset har 50 daa med næringsareal som dei burde utvikle før dei får nytt areal. Eksisterande næringsareal er heller ikkje dyrkbart. Hadde det eksisterande næringsarealet vore utbygd, hadde det vore lettare å vurdere konsekvensane av full utbygging i området.


- Innspel 4.13 Guriset - *med omsyn til naturmangfald*
  - Redusere området i sør så det blir likt med eksisterande bebyggelse (fjerne grønt, behalde raudt).




- Innspel 4.16 Oset høyfjellshotell - *med omsyn til naturmangfald*
  - Tilrår å la området ligge inne. Ta ut myr på eit eller anna vis. Dette bør truleg gjerast gjennom føresegnene.




- Innspel 4.17 Oset Tisleia - *med omsyn til landbruk og naturmangfald*
  - Ta ut området grunna jordvern, landskap og friluftsliv.




- Innspel 5.3 Auenhauglie - med omsyn til landbruk (nr. 1 på bilete under)
  - La området ligge inne.
  - Vise til at området ikkje er dyrkbart. Området er omkransa av vegareal og fritidsbusetnad. Difor ikkje naturleg beiteareal.
- Innspel 5.4 Auenhauglie - med omsyn til landbruk (nr. 2 på bilete under)
  - Ta området ut av kommuneplan grunna redusert grøntkorridor og nærleik til beiteareal og stølsvoll.
- Innspel 5.7 Auenhauglie - med omsyn til landbruk (nr. 3 på bilete under)
  - La området ligge inne i kommuneplan grunna då området til dels allereie er regulert.
- Innspel 5.8 Golsfjell Fjellstue A1 - med omsyn til landbruk (nr. 4 på bilete under)
  - Ta området ut av kommuneplan grunna dyrkbar mark nær dyrka mark.




- Innspel 5.9 Lauvsjø - med omsyn til landbruk og naturmangfald
  - Ta område ut av kommuneplan grunna jomfrueleg areal, landskap, viltkorridor og stort dyrkbart område.




- Innspel 5.13 Lauvset - *med omsyn til landbruk*
  - Ta området ut av kommuneplan grunna dyrkbar mark og at området er godt eigna for beite. Området er bratt.



- Innspel 6.1 Nystølsameiga - *med omsyn til landbruk, naturmangfald og landskap*
  - La området ligge inne då innspelet reduserer omfanget av bebyggelse.



- Innspel 7.2 Vermefoss - *med omsyn til naturmangfald*
  - Ta området ut av kommuneplan grunna kalkskog (grønt skravert område) og omsynssone flaum (raudt skravert område).






### Tilråding frå Statsforvaltaren:


I tillegg til sine motsegn, har Statsforvaltaren nokre område dei tilrår at kommunen tek ut av kommuneplanen. Det å ta ut urealiserte byggeområde kan gi lettare aksept for å ta inn nye område. Administrasjonen har sendt brev til fem grunneigarar til dei tre områda under, der vi har nemnd at vi vurderer å ta ut desse områda frå kommuneplanen, då dei verken er regulert eller bebygd dei siste 20 åra. Då dette saksframlegget vart ekspedert var det kome inn ein merknad til brevet. Den blir omtala under det aktuelle området under. Dersom det kjem fleire innspel eller merknader i forkant av møtet, vil dette bli oversendt til Formannskapet.

Statsforvaltaren tilrår kommunen å ta ut følgende eksisterande urealiserte utbyggingsområde:


- Kombinert føremål ved Jønnbustølen gbnr. 11/15, 9/322 m.fl - om lag 75 dekar dyrka og dyrkbar jord (raud sirkel på bilete under).
  - Området er ikkje bebygd eller regulert.
  - Det har kome inn ein merknad til dette området. Heimelshavar har i fleire år hatt planar om å utvikle dette feltet, og det pågår i følgje heimelshavar arbeid med planlegging. Totalt er det snakk om om lag 21 hyttetomter.
  - Dersom det er konkret planlegging på gang, tilrår administrasjonen å la dette området bli liggande inne i kommuneplanen.
- Kombinert føremål gbnr 11/8 – om lag 29 dekar dyrkbar jord (blå sirkel på bilete under).
  - Området er ikkje bebygd eller regulert.
- Kombinert føremål gbnr 11/1 – om lag 70 dekar dyrkbar jord og skog (rosa sirkel på bilete under).
  - Området er ikkje bebygd eller regulert, men ligg inntil eit område med 8 hytter.





- Kombinert føremål, gbnr 13/265 ved Nedre Guriset (BK4 eller K4) – om lag 260 dekar med om lag 50 dekar myr/dyrkbar jord samt skog (område BK4 på bilete under).
  - Området er ikkje bebygd, og avset store delar av lia mellom Tisleia og Guriset til byggeområde. Ville vorte eit enormt inngrep dersom heile området skulle byggast ut. Administrasjonen skulle gjerne fjerna området. Kunne området vorte brukt som eit middel for å ta inn område andre plassar? Kunne ein høyrte med Guriset sameige om kva dei meiner?



- Næringsområde, gbnr 37/48 ved Auenhauglie – om lag 30 dekar i alt - dyrka jord, skog og tun
  - Glomsrud, Golsfjellet apartment. Området er regulert. Administrasjonen tilrår å la området bli liggande inne i kommuneplanen.



- Kombinert føremål, Skarahøgda – om lag 300 dekar er ikkje regulert. Inneheld skog (vernskog) og dyrka og dyrkbar jord.
  - Dette området er faktisk alt fjerna. Gjennom reguleringsplanen for Skagahøgdi vart planområdet endra. Denne endringa har vorte teke med i plankartet. Samanliknar ein det «gamle» området med det «nye», så er det nye utbyggingsområdet faktisk 9 daa mindre enn det gamle utbyggingsområdet, med 573 daa mot 582 daa tidlegare. Raud avgrensing er det nye området, og grøn avgrensing er det området som har vorte endra til LNF. Det venstre biletet viser forslag til kommuneplan, medan det høgre viser den gamle kommuneplanen.
  - Fordi endringane alt er gjort, er det ikkje naudsynt å gjere endringar i Skagahøgdi.



30. november 2021

Hanne Cecilie Nes  
avdelingsleiar Utbyggingsavdelinga

Svein Eide  
kommunalsjef Samfunn og utvikling